

Status sjukeheimsplassar i Haram kommune.

Orienteringssak kommunestyret 19. mars 2025

Elin Vegsund

Kommunalsjef helse og omsorg

Sjukeheimsplass

Tilgjengelege sjukeheimsplasser

Sjukeheim	Langtid	Kort, avlastning	Heildøgn bustad	Totalt
Eidet oms	11	10	22	43
Haram oms	25	15	0	40

Langtidsplass; store helse- og omsorgsbehov, varig ute av stand til å ta vare på seg sjølv, kronisk sjukdom/ alvorleg helseskade som gjer at ein treng kontinuerleg og omfattande tilsyn av helsepersonell. Behov for medisinsk oppfølging og behandling som ikkje kan gjerast i eigen heim.

Korttidsplass: Akutte, kortvarige helseutfordringar eller sjukdom som gjer at ein treng kortvarig og eller intensiv omsorg og behandling.

Belegg siste 4 månader

TOTALT	Nov 24	Des 24	Jan 25	Feb 25
Belagte senger	80	78	78	81
Ledige senger	3	5	5	2



Korleis får ein plass i sjukeheim?

- Søkeprosess
- Behandling av søknad
- Venteliste

Tildelingskriterier

Per no er det forskrifta frå Ålesund kommune som gjeld som kriterium for tildeling av sjukeheims plass.

- **Kva type** helse- og omsorgsteneste det er behov for og **kor omfattande og varig behovet** vil vere.
- Om pasienten eller brukaren har **høve eller evne til å tilkalle hjelp** ved behov.
- Om ein med **hjelpemiddel eller ulike tilretteleggingar** kan gjere tilpassingar som **fremjar eigenmeistring** i eigen heim.
- Om alternativ til langtidssopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt lagt til rette for heildøgns tenester er vurdert å **ikkje vere tenleg eller forsvarleg**.
- Om pasienten/brukaren er **samtykkekompetent og har kognitive evner** som ikkje medfører alvorleg risiko for liv og helse.
- Kva **konsekvensar eit avslag** på heildøgnsstilbod i sjukeheim eller bustad kan gje.

Tildelingskriterier for Haram kommune

Rettferdigheit og åpen: Klare kriterium sikrar at alle søknader blir vurderte på ein rettferdig og transparent måte. Dette bidreg til å unngå favorisering og sikrar at alle søkjarar blir likt behandla.

Føreseielegheit: Når kriteria er tydelege, veit søkjarar kva som er forventa av dei og kva krav dei må oppfylle. Dette gir føreseielegheit og tryggleik for både søkjarar og saksbehandlarar.

Effektivitet: Gode tildelingskriterium gjer det enklare og raskare å behandle søknader, noko som reduserer behandlingstida og sikrar at nødvendige tenester blir tildelte raskt.

Kvalitetssikring: Klare kriterium bidreg til å sikre at dei som får tildelt tenester, verkeleg har behov for dei. Dette sikrar at ressursane blir brukte på ein effektiv og forsvarleg måte.

Redusert Konfliktnivå: Når tildelingsprosessen er basert på klare og objektive kriterium, blir risikoen redusert for misforståingar og konflikhtar mellom søkjarar og kommunen.

Tenestebeskrivingar vil leggjast fram som ei politisk sak tidleg haust 2025.

Kommunens handtering av etterspørsel

Kontinuerleg kartlegge av behov og tilpassing av tenester for å kunne gje nødvendig helsehjelp no, og i framtida.

- Reduksjon av plassar i institusjon.
- Gjere om HDO plassar på Eidet omsorgssenter.
- Bukollektiv med tilpassa bemanning.
- Auka årsverk i heimeteneste og dagsenter.
- Tildelingsprosess, koordinering og tildeling (tenesteflyt og tildelingskriteria)
- Tenesteutvikling (behovsdreven tildeling, TØRN..)

